



Møtebok
for
Næringsfondsstyret

Møtedato: 02.06.2020
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
006/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/2020	Godkjenning av møteprotokoll
008/2020	Orienteringssaker
009/2020	Søknad om stønad til drift av Mobryggen Drift AS

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/173

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2020	Næringsfondsstyret	PS	02.06.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 006/2020

NF - behandling:

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	20/173

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2020	Næringsfondsstyret	PS	02.06.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 007/2020

NF - behandling:

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 03.02.2020

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/173

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2020	Næringsfondsstyret	PS	02.06.2020

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 008/2020

NF - behandling:

Assisterande rådmann orienterte kort om administrativt handsama søknader fram til no i 2020.
Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	20/148

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2020	Næringsfondsstyret	PS	02.06.2020

Søknad om stønad til drift av Mobryggen Drift AS

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 200 000,- i tilskot frå næringsfondet til Mobryggen Drift AS. Følgjande vilkår ligg til grunn:

1. Tilskotet skal tilbakebetalast dersom verksemda reduserer opningstida utover 50 % (målt opp mot 2019-sesongen) i perioden juni – august 2020.
2. Tilskotet skal tilbakebetalast dersom verksemda stengjer / avsluttar drifta før utgangen av august 2020.

Tilskotet vert utbetalt omgåande.

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Modalen gjorde 16. april i år vedtak om ekstraordinær bruk av næringsfondet i samband med koronakrisa.

Mobryggen Drift AS har sendt søknad om tilskot for å dekkje omsetningstap som følgje av at verksemda har måtte halde stengt frå midten av mars og fram mot pinse. I tillegg er det forventa omfattande reduksjon i besøkjande i 2020, noko som gjev grunnlag for å vente omsetningsnedgang også framover.

Verksemda skisserer i sin søknad opp 2 alternativ framover:

Alt 1 er at det vert gradvis opning frå mai 2020 og vil søkjer då om kr. 1 490 000,- i tilskot til å dekkje forventa tap i perioden september 2020 til mars 2021.

Alt 2 er at verksemda held steng frå no av og fram til mars 2021 og søkjer då om kr. 930 000,- i tilskot.

Bakgrunn

Verksmda er hardt ramma av koronakrisa. I 2019-sesongen var omsetninga kr. 4,24 mill medan overskotet var på kr. 346 000,-. Dette er gode tal i eit oppstartsår. I tillegg har verksemda sysselsatt 2 årsverk 3 deltidstilsette samt nokre tilkallingshjelparar.

Søkjjar syner til at verksemda bidrar som møteplass for innbyggjarane, har satsa eigne midlar for å etablere drifta, har planar for vekst som inneber fleire tilsette og at det vert generert tilflytting til Modalen.

Vurdering

Rådmannen har lagt til grunn kriteriar frå kommunestyrevedtaket 16. april i vurderinga.

Risiko for konkurs: Dagleg leiar viser til at utan tiltak vil melde ynskje om opphøyr av selskapet til styret i løpet av juni 2020. Det er gjeve opsjonar på private lån til selskapet (andre finansieringskjelder enn Modalen kommune) som vert utløyst dersom det vert gjeve løyving frå næringsfondet.

Risiko for økonomisk tap som fører til vesentleg endring av marknadsposisjon: Utanlandsmarknaden er fråverande. Det økonomiske tapet som kjem av manglande besøk frå gjestar rammar verksemda hardt økonomisk over tid. Dette vil føre til at det kan bli vanskeleg å komme attende i posisjon. Uvissa som rår understreker denne utfordringa. Det vil bli vanskelegare å beslutte/planlegge for framtida.

Tal arbeidsplassar som vil gå tapt: Dersom verksemda ikkje overlever vil arbeidsplassane som til no er etablert gå tapt. I tillegg misser verksemda moglegheitane for å følgje planane sine om å utvide med fleire tilsette. Potensialet for å miste 5 – 7 arbeidsplassar er reelt. I tillegg virkar dette inn på dei tilsette sine planar for å busetje seg i Modalen.

Status eigenkapital og/eller likviditet i verksemda, evne til å kunne handtere økonomisk nedtur: Inntektstgrunnlaget for sesongen 2020 er omfattande då koronapandemien ramma verksemda i dei dagar sesongen skulle starte. Dette gjev minimal omsetnad. Selskapet har i søknaden sin skildra nærare detaljande omkring eigenkapital m.m. Rådmannen si vurdering er at dette er reelle omsetningstap.

Andre per no uspesifiserte kriteriar som kan ha relevans i saka: Rådmannen vurderer at uvissa m.o.t. 2020-sesongen, samt vinterhalvåret som kjem etter, tilseier at det kan vere naudsynt å sjå utviklinga noko an framover. Modalen kommune har inngått avtale med Mobryggen Drift AS om å leige rom/leiligheiter som skal tene som beredskap for kommune m.o.t. isolering/karantene. Avtale er gjort for mars – mai, med ny avtale for juni – august. I søknaden frå Mobryggen Drift er inntektene for juni – august ikkje rekna med. Inntekta for desse 3 sommarmånadane er kr. 200 000,- (inkl. mva).

Dagleg leiar Nøttveit har hatt 3 møter med administrasjonen. På 2 av møta har ordføraren tatt del.

Rådmannen si vurdering – etter samtalar med dagleg leiar - er at dersom ein legg til grunn at 200 000,- i husleigeinntekter vil styrkje omsetninga noko, så står det att eit stønadsbehov på kr. 200 000,- som vil sikre drifta ut august. Den samla løysinga føreset evt. ny søknad i etterkant av august kor ein gjer ei vurdering av sommarsesongen for å kalkulere behov knytt til vintersesong.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune gjev løyving om tilskot på kr. 200 000,- til Mobryggen Drift AS for perioden fram t.o.m. august 2020.

Næringsfondsstyret - 009/2020

NF - behandling:

Dagleg leiar Vidar Nøttveit orienterte om konsekvensar av koronaepidemien og bakgrunnen for søknaden om tilskot frå næringsfondet. Han svara og på spørsmål frå næringsfondstyret. Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 200 000,- i tilskot frå næringsfondet til Mobryggen Drift AS. Følgjande vilkår ligg til grunn:

1. Tilskotet skal tilbakebetalast dersom verksemda reduserer opningstida utover 50 % (målt opp mot 2019-sesongen) i perioden juni – august 2020.
2. Tilskotet skal tilbakebetalast dersom verksemda stengjer / avsluttar drifta før utgangen av august 2020.

Tilskotet vert utbetalt omgåande.

Vedlegg:

Off. søknad om drift

Søknad om driftstilskudd